

Delta i debatten, skriv til oss! 

SEND DITT INNLEGG TIL: DEBATT@NATIONEN.NO

Innlegg kan også sendes per post til Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten «debatt». Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 4900 tegn med mellomrom.
Leserinnlegg: Maks 2000 tegn
Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kronikker honoreres som hovedregel ikke. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det på alle våre plattformer.

Kronikk

Sosiologi, festival og norske bygder

Eg fekk ein e-post her for noko sidan. «Kan du tenke deg å halde et lite kåseri på sosiologifestivalen i år?»

«**Er du galen**», skreiv eg tilbake, «eg er då ingen kåsør... og sosiologifestival? Kva er det for noko då? For meg er det ei sjølvmotseieing i eitt ord.» For tenk berre over ordet; *sosiologifestival*. Samansett av orda sosiologi og festival. Det er ikkje bra, det heng rett og slett ikkje saman.

Jau da, eg kan forstå det om me snur om på det, eg kan forstå festivalsosiologi – ein eller annan snåling som vandrar rundt på festivalar med ei påtatt kritisk distanse til alt som skjer og som meiner å forstå fenomenet festival. Men altså Sosiologifestival?

Takke meg til, eg synst eg ser det. Som sunnmøring får eg assosiasjonar til slike gladkristne sumarleirar som vaks fram på 70-talet. «Traumebehandling etter Hallesby-tida», kalla mor mi det. Så derfor slapp eg å bli sendt på slikt. Til gjengjeld lever eg framleis i trua på at alt går til helvete.

Sosiologi er tufta på elende. Det er påfunne av svartsynte gribebitarar som aldri såg poenget med å knekke koda for det faget dei eigentleg tenkte å studerte. Anten dei var økonomar, teolo-

gar eller filosofar, så enda dei alle opp med å fabulere om slike ting som ingen andre fabulerte om – anna enn når dei sat på kafé. Og til syrgjelegare det var, til betre sosiologi vart det. Altså eg meiner; «sjølvmodet», og for ikkje å snakke om; «byråkratiet» – det er det sosiologane er opptatt av.

Og her heime fann det forma si med Eilert Sundt som studerte «sedlighet og renslighet på Sundmøre». Eg meiner; kan det bli meir trasig?

Eg er oppvaksen på Sunnmøre, rett nok nokre øyar lengre sør enn der Sundt gjekk og vansmektast, men eg kan love dykk; uansett kvar du bevegar deg på Haramsøya så meiner eg at ein framleis kan stille spørsmålsteikn ved både sexlivet og hygien til desse nord-øyingane.

Men i dag studerer me ikkje slikt lenger. I dag studerer me festivalar, me studerer kulturøkonomi og natur- og kulturarven sitt bidrag til verdiskapinga. Me vert spurde om å halde føredrag på optimismeseminar i Hattfjell-dal og snakke om potensial for reiselivet ved inngangsporten til Børgefjell.

Hallo! Inngangsporten til Børgefjell er ikkje i Hattfjell-dal, det er bakkøra det! Branntrappa! Det er der folk rømer

frå Børgefjell. Dessutan så har naturforvaltarane klart å få inn i verneforesegnene at Børgefjell nasjonalpark skal vere ein av dei få nasjonalparkane der det ikkje skal leggjast til rette for reiseliv. Eg meiner, det vert ikkje optimismeføredrag av slikt.

Men det er det dei vil ha. Det er det dei vil ha, desse nyutdanna prosjektmakarane av nokre austlendingar som har fått seg ei midlertidig prosjektleiarsstilling for å utvikle bakevjekommune i byane sitt bilete. Dei vil ha ein konfirmasjon, ei velsignande handspålegging av kringreisande emissærar frå dei akademiske nerde-templa som kan stadfeste deira eigne tankar om si eiga fortreffelighet.

Får dei det, så kan dei halde fram slik dei stemnar. Får dei det, kan dei halde fram med å legge til rette for fleire bubilar til Lofoten, eller endå fleire turistar til Geiranger og Aurland. Då kan dei drage i gang endå fleire «destinasjonsutviklings-prosjekt» og pusse opp tettstadane våre til «nasjonalpark-landsbyar» eller kva som helst anna som passar inn i prosjektmakarane sin eigen smak.

Sosiologifestival

«Som sunnmøring får eg assosiasjonar til slike gladkristne sumarleirar som vaks fram på 70-talet.»



Turistmål: Det går mot slutten med ideen om at reiselivet er bota som skal

Jau da, eg kan forstå kva dei tenkte, byråkratane på det dåverande «Direktoratet for naturforvaltning», då dei starta ned å tildele norske grender og bygdesamfunn statusen nasjonalparklandsby. Men eg meiner likevel det vitnar om fåkunne og eit snev av underliggjande urban bygdeforakt. Me har ikkje landsbyar her, og me kjem ikkje til å få det heller. Me har hatt handelsstadar eller kaupangar, grender og fiskevær, og med moderniteten vaks det også fram nokre industritettstadar under fossane, men landsbyar har me berre ikkje.

Målet til dei velmeinande miljøbyråkratane var mest truleg edelt nok. Dei ville gi lokalsamfunna ein kompensasjon for eit opplevd tap, og måten å gjere det på var altså å dele ut landsbystatusar som grendene kan nytte i marknadsføringa av seg sjølv. Dei kan nytte den når dei skal stå ved vegkryssa å selje seg sjølv og sine fordelar i den konkurranseutsette reiselivsnæringa. Fossbergom i Lom, Geilo, Jondal, Storslett og Vingelen har alle vorte tildelt den edle statusen nasjonalparklandsby, og skal dermed, i teorien, stille sterkare

i kampen om å få dei reisande til sengs.

Dei har ikkje kome på dette sjølv, byråkratane i Direktoratet. Dette, som så mykje anna i norsk forvaltning, er henta frå kontinentet. Helst langt sør på kontinentet, også. For det er dit dei reiser, dei reiser til godvær og billig vin i Sør-Frankrike eller Nord-Italia for å lære korleis ein best skal organisere samfunnet. For dei kan visst det, italienarane.

Og dei har fått full banking frå oss bygdesosiologane. Med sosialkonstruktivismen og postmoderniteten kom den kulturelle vendinga langsamt inn i dei bygdesosiologiske nytestamenta. No kunne me sleppe taket i dei trauste verkemidla – infrastruktur, distriktstutjamning, kanaliseringpolitikk og differensiert arbeidsgivaravgift – som alt hadde verka så godt og så lenge, kunne no endeleg givast på båten.

No skulle grendene byggast med «gode historier» og «solskinsbilete» på glansa papir. Me skulle rett og slett snakke fram det «gode livet på landet». Og me gjorde det til gagns, utan tanke for at dei einaste som lytta var vår eiga klasse.

Men det er snart over no. Det går mot slutten med ideen om at



bøte på at grendene lek i begge endar, skriv kronikkforfattaren.

Foto: Siri Juell Rasmussen

reiselivet er bota som skal bøte på at grendene lek i begge endar. Gentrifisering og styling av grendene som einaste middel for å lokke til seg folk – anten det er nykomarar, turistar eller tilfeldig forbipasserande – har starta mista grepet det har hatt på dei iherdige bygdeutviklarane i meir enn 15 år no.

For på trappa står det eit nytt konsept. Bore fram av vidløftig retorikk – ein retorikk som krona «det grønne skiftet» til heidersutmerkinga «årets ord»; enda det ikkje eingong er eit ord, anna enn ei halve setning – så set ein no sin lit til bioøkonomien.

I denne retorikken, eller til grunn for alle festtalane som hyllar bioøkonomien som den store lovnaden for landets no så utarma skogkommunar – anten det no er granskogen eller tareskogen ein snakkar om – så ligg det ein komplett aksept for grunnprinsippet i den økologiske moderniseringa. Det er også det prinsippet som har fått våre framstående miljøprofilar som Fredrik Hauge og andre til å vrenge av seg islendaren og dresse seg opp i altfor tronge designadressar.

Men overgangen frå islendar til dress representerer også overgangen til nettopp den øko-

logiske moderniseringa. Den representerer miljøørsla sin aksept for prinsippet om at måten å løyse miljøutfordringane på, er å gjere miljøproblema om til sjølve forretningsideen.

Og me sosiologane heng oss på etter beste evne. Me skriv søknadar om forskingsprosjekt i 30-40 millionarsklassa, der me lovar å bidra til å utvikle bioøkonomi gjennom «innovasjon, effektiv produksjon, utnytting og foredling av fornybare biologiske ressurser», for å sitere ei heilt vilkårleg utlysingstekst. Og då er det ikkje plass til kritisk sosiologi. Nei, då skal det vere begeistring sett i system og ingen problemfokusering eller anna støy som kan legge hindringar i vegen for verken Tesla, Borregaard eller Uber.

Konsesjonsinstitutt, rettar i arbeidslivet, bruksrettar og lokalt eigarskap til grunnressursane vert borte til offerplassane til dei ny-liberale avgudane, før me går på teknologiske vekingsmøte og et kanapear i hop med representantar for dei internasjonale råvareselskapa i Bern, Basel eller Bahrain.

For ingen nordmenn studerer konsesjonsinstituttet, i alle fall ikkje med pengar frå Forskringsrådet, det er berre så mellomkrigstid. Så det overlèt me til

amerikanarar, skottar og ein og annan søreuropeisk samfunnsvitar å gjere.

Her heime spelar me sosiologane på lag med retorikken. Me er nøydd til det, for det finst ikkje frie midlar i norsk forskning – i alle fall ikkje i min verd. Me lyt lære oss teknikken å sleike – om ikkje imamar – så i alle fall programstyremedlemmar oppetter ryggen. For elles døyr me, av svolt.

Dermed snur me blandsida til og gler oss over kvar ny artikkel me får inn i ein bortgøymt journal med ein «impact factor» på 2,19. Men eigentleg veit me alle at dei som verkeleg har «impact» for lengst har sagt opp sine fasttømra stillingar på universiteta og forskeria og skapt seg frie posisjonar, omskolert til gravande journalistar.

For det er namn som Judith Schwartz, Naomi Klein og Kirstin Ohlson som har impact i ordskiftet om agro-økologi, klima og regenerering av rurale samfunn – og ikkje me.

Kronikken er omarbeidd frå eit kåseri halde på Sosiologifestivalen i Trondheim, oktober 2017.

Bjørn Egil Flø
Seniorforskar, NIBIO

FOLKEHØYSKOLER

Kutt i Folkehøyskolene er riktig

Mange har stor glede av å tilbringe ett år på folkehøyskole, og folkehøyskolene er en viktig del av det norske utdannings-systemet. Derfor har regjeringen foreslått å bruke om lag 820 millioner kroner på tilskudd til folkehøyskolene i 2018.

I media fremstilles som om vi raserer tilbudet til Folkehøyskolene. Fakta er at vi foreslår et moderat kutt på om lag 3 %. Kuttet rettes mot folkehøyskolenes kortkursvirksomheter, som er kurs som varer mellom 2 dager og 3 måneder.

Typiske kortkurs er sang/korkurs, dansekurs, håndarbeid, drama/revy, kultureiser og ulike typer idrett. Det tilbys for eksempel kurs i linedance, bridge og meditasjon. I FrP mener vi at det ikke er en statlig oppgave å finansiere denne typen aktiviteter.

Argumentene vi blir møtt med er at dette vil ramme unge, men i 2016 var 54 prosent av deltakerne på kortkursene over 50 år, og 35 prosent av deltakerne var 61 år eller mer. Dette er den mest kjøpesterke gruppen i samfunnet.

Det er i dag underskudd på kvalifiserte lærere i Norge, og i kampen for tidlig innsats for å hindre frafall ønsker vi flere lærere i 1.-4. trinn og vi ønsker flere barnehagelærere. Innenfor rammen av vårt budsjett må vi prioritere, og i en slik sammenheng mener vi i FrP at kortkurs og ekstraår på folkehøyskoler bør havne langt nede på prioriteringslisten.

Som FrP-politiker er det en



Ikke rasert: Vi raserer ikke folkehøyskoletilbudet, skriver innsenderen.

Foto: NTB scanpix

plikt for meg å sørge for at fellesskapets ressurser forvaltes fornuftig. I statsbudsjettet prioriterer vi forsvar og infrastruktur, sykehjemsplasser, nye sykehus og skattelettelser som fremmer vekst og investering i norske arbeidsplasser. Vi følger opp langtidspanen for forskning, og vi øker bevilgningene til tidlig innsats i skole og barnehage.

Vi har de siste årene lykkes godt med politikken i en krevende tid med både oljeprissjokk og flyktningkrise. Samtidig er de fleste enige om at det må prioriteres hardere i årene som kommer. Vi kan ikke bruke like mye penger som før. Finansiering av kortkurs og hobbyaktiviteter for voksne mennesker er derfor ikke på Frps prioriteringsliste.

Roy Steffensen

Leder av Utdannings- og forskningskomiteen (Frp)

FORTIDSMINNER

Hva er bevaringsverdig?

Det vises til artikkel med tittel «Hull til 80.000 kroner» som stod på trykk i Nationen 18. Oktober. Etter å ha lest artikkelen har jeg inntrykk av at det er tilfeldig hvor slike kulturminner befinner seg i landet som avgjør hvorvidt disse er bevaringsverdige.

Da det for rundt tyve år tilbake skulle anlegges en skogsvei i nærområdet her i Ryfylke ble denne lagt over to slike kullgroper. Fortidsminneforeningen ble varslet om dette av

undertegnede men det tok et halvt år før foreningen omsider gav tilbakemelding at de ville foreta en befaring på området. Da var veien allerede ferdig og alle spor etter kullgroperne borte.

Etter å ha lest ovennevnte artikkel sitter jeg med inntrykk av at slike fortidsminner er mer bevaringsverdige i Flisa enn de er her i Ryfylke.

Rolf Idsø

Idse

Avstemning

Vi har stilt følgende spørsmål:

Dagligvarebutikkene har priskrig på smågodt



Antall stemmer: 597

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. **Klikk deg inn og stem!**